



# Innkalling av Administrasjonsutval

**Møtedato:** 20.09.2023  
**Møtestad:** Rådhuset Knarvik, kantina  
**Møtetid:** 09:00 - 12:00

Eventuelle forfall må meldast til Tove-Mette Arnø Fyllingen per tlf. 47464145, sms til eller per epost til [tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no](mailto:tove.mette.fyllingen@alver.kommune.no)

Varamedlemmer møter berre etter nærare avtale.

## Sakliste

<b>Saknr</b>	<b>Tittel</b>
019/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
020/23	Godkjenning av møteprotokoll
021/23	Sjukefråver 2.kvartal 2023
022/23	HMS-avvik 2.kvartal 2023
023/23	Livsfasepolitikk Alver kommune
024/23	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 20.09.2023

13. september 2023

Nina Bognøy  
møteleiar

Tove-Mette Arnø Fyllingen  
møtesekretær

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.09.2023

Saksframlegg

<b>Saksnr.</b>	<b>Utval</b>	<b>Møtedato</b>
019/23	Administrasjonsutval	20.09.2023

### **Godkjenning av innkalling og saksliste**

#### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og saksliste vert godkjent.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 04.09.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
020/23	Administrasjonsutval	20.09.2023

### Godkjenning av møteprotokoll

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**  
Møteprotokollen vert godkjent.

### Vedlegg i saken:

09.06.2023 Protokoll - Administrasjonsutval - 07.06.2023

1943666



# Møteprotokoll for Administrasjonsutval

**Møtedato:** 07.06.2023  
**Møtestad:** Rådhuset Knarvik, kantina  
**Møtetid:** 09:00 - 10:00

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle
Nina Bognøy	AP	Utvalsleiar
Maria Færø	UAVH	Medlem
Nils Marton Aadland	H	Medlem
Jarle Næss	UDF	Medlem
Silje Fanebust	NSF	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Parti	Rolle
Sara Hamre Sekkingstad	SP	Nestleiar
Liv Berit Haukås	FAGF	Medlem

## Følgjande frå administrasjonen møtte:

Hilde Bognøy Kleivdal-prosjektleiar, Kathrine Martinsen-HR-leiar, Lisbeth Alvær-kommunalsjef, Martin W. Kulild-ass.kommunedirektør, Tove-Mette Arnø Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-kommunedirektør

Martine Eide Ulvatn-møtte for Liv Berit Haukås

## Sakliste

Saknr	Tittel
015/23	Godkjenning av innkalling og sakliste
016/23	Godkjenning av møteprotokoll
017/23	Melding/orientering til administrasjonsutvalet 07.06.2023
018/23	Arbeidsgjevarstrategi

**015/23: Godkjenning av innkalling og sakliste****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent.

**Administrasjonsutval 07.06.2023:****Handsaming:****Framlegg:**

Arbeidsgjevarstrategi vert satt opp som eiga sak.

Framlegget vart samrøystes veteke.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

**ADM- 015/23 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent med ei ekstrasak.

**016/23: Godkjenning av møteprotokoll****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Møteprotokollen vert godkjent.

**Administrasjonsutval 07.06.2023:****Handsaming:**

Jarle Næss: Ønsker tilbakemelding HTV observatør strategisamling formannskapet (økonomiplan/budsjett). Svar: Dette er opne møte der alle kan delta.

Ellers ingen merknader, samrøystes.

**ADM- 016/23 Vedtak:**

Møteprotokollen er godkjent.

**017/23: Melding/orientering til administrasjonsutvalet 07.06.2023****Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Meldinga vert teke til orientering.

**Administrasjonsutval 07.06.2023:****Handsaming:**

Kommunedirektøren stt framlegg vart samrøystes vedteke.

**ADM- 017/23 Vedtak:**

Meldinga er teke til orientering.

**018/23: Arbeidsgjevarstrategi****Administrasjonsutval 07.06.2023:****Handsaming:**

Orientering ved HR-leiar Kathrine Martinsen.

**Framlegg:**

Arbeidsgjevarstrategi vert vedteke som den ligg føre til saka.

Frmlegget vart samrøystes vedteke.

**ADM- 018/23 Vedtak:**

Arbeidsgjevarstrategi er vedteke.

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.09.2023

Saksframlegg


Saksnr.	Utval	Møtedato
021/23	Administrasjonsutval	20.09.2023

### Sjuefråver 2.kvartal 2023

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**  
Meldinga vert teke til orientering

**Politisk handsaming**  
Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

**Vedlegg i saken:**  
13.09.2023 Sjuefråvær Alver kommune 2.kvartal 2023 1990732



# Sjukefråvær 2.kvartal 2023

Alver kommune


Administrasjonsutvalet 20.09.2023



**ALVER**  
KOMMUNE

2.kvartal 2023


# Alver kommune





2.kvartal 2023

# Alver kommune



2.Kvartal 2023

# Alver kommune- tenesteområde

Tenesteområde	1. kvartal 2022	2. kvartal 2022	3. kvartal 2022	4. kvartal 2021	1. kvartal 2023	2. kvartal 2023	3. kvartal 2023	4. kvartal 2023	Trendlinje
Sjukeheimar	16,8	13,4	12	14,9	14,8	14,6			
Heimetenestene	14,1	12,3	11,7	12,8	15	11,6			
Habiliteringstenester	12,7	9,2	8,7	11,2	12,5	10,5			
Lege og rehabiliteringstenester	12,1	10,3	9,5	11,4	10,6	9,8			
Psykisk helse og rus	11	9,2	6,8	7,4	7,9	5,5			
NAV	8,6	6,7	4,3	9,1	9,6	6,1			
Barnevern	11,9	12	11,5	14,5	18,6	16,6			
Skular	13,1	7,8	5,1	10,6	10,8	7,8			
SFO	13,7	7,2	4,7	11,3	14,6	11,7			
Barnehage	19,9	11	8,9	15,5	16,2	13,8			
PPT	8,9	3,1	4,4	7,2	10,3	5,5			
Helsestasjon og jordmortenesta	16,7	13,4	14,7	15,9	10,1	5,7			
Arealforvaltning	4,9	4,6	2,1	4	7,9	9,4			
Drift og vedlikehald	9,3	7,5	4,9	7,2	7,1	9,4			
Eigedomsforvaltning	4,2	2,8	0,7	3,4	8,1	6,3			
Plan og analyse	10,5	4	3,5	0,7	0,8	2,7			
Kultur	5,4	6,5	6,9	5,1	4,8	3,3			
Brann og redning	7,8	4,3	9,8	9,6	11	7,2			
HR og utvikling	4,9	4,8	2,2	5,6	9,7	8,7			
Økonomi	3,4	5,3	4,8	10	2,5	3,8			



2.Kvartal 2023

# Tenesteområde med lågast sjukefråvær

- Plan og analyse 2,7 % ( 4 % i Q2-22)
- Kultur 3,3 % (6,5% i Q2-22)
- Økonomi 3,8 % (5,3% i Q2-22)



**ALVER**  
KOMMUNE

2.kvartal 2023



# Tenesteområde med høgast sjukefråvær

- Barnevern 16.6 % - (12% i Q2-22)
- Sjukeheimar 14.6% - (13.4% i Q2-22)
- Barnehagar 13.8% - (11% i Q2-22)





2.Kvartal 2023

# Helse og omsorg





2.Kvartal 2023

# Oppvekst





2.Kvartal 2023

# TFD og samfunnsutvikling



# HR og utvikling og økonomi





2.kvartal 2023

# Fokus på nærvær og sykefravær

- KLP- prosjekt- arbeidsmiljøgrupper
- Nærvær og sykefraværsprosjekt i bhg
- NAV
- BHT
- Ekspertbistand
- Avvik (oppvekst)
- 10-faktor
- Prosjekt med NAV arbeidslivssenter og sjukeheimar/heimeteneste



**ALVER**  
KOMMUNE



**ALVER**  
KOMMUNE

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.09.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
022/23	Administrasjonsutval	20.09.2023

### HMS-avvik 2.kvartal 2023

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**  
Meldinga vert teke til orientering.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

#### Vedlegg i saken:

13.09.2023 HMS-avvik Alver kommune 2.kvartal 2023

1990734



# HMS-avvik 2.kvartal 2023

Alver kommune

Administrasjonsutvalet 20.09.2023



**ALVER**  
KOMMUNE

2.Kvartal 2023

## Nøkkeltall HMS-avvik

- Totalt innmelde avvik: 918 (987 i Q1-2023)
- HMS-avvik: 330 (375 i Q1-2023)
- Forbedringsforslag: 4 (14 i Q1-2023)

- **Desse avdelingane melde flest HMS-avvik:**

- Lindås barneskule og avlastningsbustader (21)
- Kvassnevegen bufellesskap, Grønålen bustad, Radøy interkommunale busenter (15)


### Kategori - Antall pr. saksbehandlende enhet

Filtrert på: Fra: 01.04.2023  
Til: 30.06.2023

Kategori	Saksbehandlende enhet	Antall
<input type="checkbox"/> Avdekking av behov		19
<input type="checkbox"/> Avvik frå interne og eksterne tilsyn		22
<input type="checkbox"/> Barnehage- og skulemiljø		9
<input type="checkbox"/> Forbedringsforslag		4
<input type="checkbox"/> HMS		330
<input type="checkbox"/> Informasjonstryggleik og personvern		25
<input type="checkbox"/> Innkjøp		1
<input type="checkbox"/> Legemiddelhandsaming		292
<input type="checkbox"/> Oppfølging av enkeltvedtak eller helsetenester		81
<input type="checkbox"/> Sakshandsaming		21
<input type="checkbox"/> Samhandling internt/eksternt		28
<input type="checkbox"/> Skade, fall, tvang, vald/ trugslar		77
<input type="checkbox"/> Vass- eller avlaupskvalitet		9
<b>Totalt</b>		<b>918</b>




# Alle avvik i Alver kommune 2020-2023




2.Kvartal 2023

# HMS-avvik 2020-2023



2.Kvartal 2023

## HMS-avvik pr sektor





# HMS-avvik -underkategoriar

## Rapport for "HMS (gjeld deg som tilsett)"

Antall per "Beskriv nærare kva avviket gjeld"

Filtrert på: Type: Helse, miljø og sikkerheit (HMS) ( gjeld deg som tilsett)

Registrerende enhet: Alver Kommune

Fra: 01.04.2023


Til: 30.06.2023

Verdi: Innbrot eller uvedkomande i bygg,Brann/Branntilløp,Usikra kjemikalieoppbevaring eller uønskt hending med kjemikaliar/gass, biologiske faktorar og strålekjelder,Fysiske forhold,Brudd på lov/føreskrift/rutiner/prosedyrer knytt til HMS,Vald, trugslar, trakassering,Psykososiale forhold,Skadeleg utslepp til miljø,Nestenulykke/ulykke,Teknisk feil/manglar ved bygg eller styringssystem for sikring av bygg som fører til risiko for skade for tilsette,Stikk-, kuttskade, sprut eller blodsøl,Anna,Feil eller manglar med utstyr, eller feil bruk av utstyr som kan medføre risiko for tilsette.

Kategori	Tilpasset felt	Antall
<input type="checkbox"/> HMS (gjeld deg som tilsett)	Beskriv nærare kva avviket gjeld	375
	Anna	59
	Brann/Branntilløp	1
	Brudd på lov/føreskrift/rutiner/prosedyrer knytt til HMS	21
	Feil eller manglar med utstyr, eller feil bruk av utstyr som kan medføre risiko for tilsette.	6
	Fysiske forhold	37
	Innbrot eller uvedkomande i bygg	3
	Nestenulykke/ulykke	12
	Psykososiale forhold	37
	Skadeleg utslepp til miljø	2
	Stikk-, kuttskade, sprut eller blodsøl	9
	Teknisk feil/manglar ved bygg eller styringssystem for sikring av bygg som fører til risiko for skade for tilsette	8
	Vald, trugslar, trakassering	180
<b>Antall avvik</b>		<b>323</b>

2.Kvartal 2023

# Vald, trugslar og trakassering- Alver kommune



2.Kvartal 2023

# Alvorsgrad

1 of 2 ? Find | Next

## Kategori - Alvorlighetsgrad - Antall

Filtrert på: Type: Helse, miljø og sikkerheit (HMS) ( gjeld deg som tilsett)  
Registrerende enhet: Alver Kommune  
Fra: 01.04.2023  
Til: 30.06.2023

Kategori	Alvorlighetsgrad	Antall
<input type="checkbox"/> HMS (gjeld deg som tilsett)		327
	Lav	280
	Middels	44
	Høy	3
<b>Totalt</b>		<b>327</b>



2.Kvartal 2023

# Personskadar

## Rapport for "HMS"

Antall per "Viss ja, førte skaden til sjukefråvær?"

Filtrert på: Type: Helse, miljø og sikkerheit (HMS)

Fra: 01.04.2023

Til: 30.06.2023

Kategori	Tilpasset felt	Antall
<input checked="" type="checkbox"/> HMS	Viss ja, førte skaden til sjukefråvær?	165
	Ja	3
	Nei	145
	Veit ikkje	17
<b>Antall avvik</b>		<b>164</b>





# Forbetringsforslag

Innmeldt 4 stk i 2.kvartal  
2023 i Alver kommune



**ALVER**  
KOMMUNE

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FA-C83  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.09.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
023/23	Administrasjonsutval	20.09.2023

### Livsfasepolitikk Alver kommune

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**  
Meldinga vert teke til orientering.

#### Politisk handsaming

Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

#### Vedlegg i saken:

13.09.2023 Livsfasepolitikk Alver kommune 2023

1990721

## Livsfasepolitikk Alver kommune 2023 – 2026

For å løyse samfunnsoppdraget må Alver kommune være «ein attraktiv, trygg og utviklingsorientert» organisasjon, som legg til rette for medarbeidarar som trivst og meistrar arbeidet gjennom heile yrkeslivet. Livsfasepolitikken legg føringar og identifisere moglege tiltak som kan bidra til at medarbeidarane meistrar arbeidskvardagen og opprettheldt motivasjon gjennom dei ulike fasane, frå nyutdanna til senior, i arbeidslivet. God livsfasepolitikk kan bidra til lågare sjukefråvær og at medarbeidarar utset tidspunkt for å gå av med pensjon.

Oppleving av meistring i dei ulike livsfasane vil vere individuell, og krev trygge, meistringsorienterte leiarar som tilpassar og nyttar handlingsrommet. Forskinga viser at det kan vere fordelaktig med bransjespesifikke tiltak, altså ulik tilpassing i dei ulike sektorane i kommunen. Gjennom tillit og god dialog mellom leiar og den einskilde tilsette, ønskjer Alver kommune innanfor tilgjengelege rammer og i tråd med føringar i Hovudtariffavtalen, å leggje til rette for at dei tilsette i størst mogleg grad handterer livsfaseutfordringane i arbeidslivet. Eit generelt tiltak er å arbeide systematisk med HMS-arbeidet for å utvikle helsefremmande arbeidsplassar med fokus på godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø.

Gjennom god dialog med tilsette og kjennskap til typiske utfordringar og behov i dei ulike fasane av arbeidslivet, ønsker arbeidsgjevar å vere budd på og handtere utfordringar i arbeidskvardagen for den enkelte og for drifta.

### **I starten av arbeidslivet:**

#### *Typiske utfordringar:*

Som nytilsett vil ein ofte ha behov for ekstra rettleiing og ekstra tid til å setje seg inn i arbeidsoppgåver, og treng tid for å få etablert sin eigen praksis. Yngre medarbeidarar er ofte i etableringsfasen med dei utfordringar det fører med seg med i kombinasjonen mellom familie og arbeid.

#### *Døme på tiltak:*

- Mentor- eller fadderordning og tett oppfølging frå leiar.
- Tilrettelagte eller reduserte arbeidsoppgåver i ein oppstartsperiode.
- Medverknad i høve til fleksibel arbeidstid/-stad (t.d. heimekontor), der stillingsinnhald/drift gjer det mogleg for mellom anna å redusere «tidsklemma».
- Medverknad i høve til vaktplan og turnus for t.d. å gjere det mogleg å ivareta familielivet med småbarn. (Dette må sjåast i samanheng med forsvarleg drift.)

### **Midtfase:**

#### *Typiske utfordringar:*

Når ein har jobba ein del år og har blitt erfaren i jobben, dukkar ofte behovet for ny kompetanse og nye utfordringar opp. Samstundes kan det oppstå andre typar utfordringar med omsyn til familie og helse som periodevis kan påverke arbeidet.

#### *Døme på tiltak:*

- Dialog i medarbeidersamtalen mellom leiar og tilsett i høve til behov for endringar i kompetanse, arbeidsoppgåver eller ansvar. Moglegheit til t.d. vidareutdanning, hospitering, byte av arbeidsstad
- Medverknad i høve til arbeidsplan, turnus, arbeidstid og -stad for å kunne kombinere jobb og privatliv på best mogleg måte for både arbeidstakar og arbeidsplass.
- Kurs og kunnskap om pensjonsordning.

## Seniorfase

### *Typiske utfordringar:*

Seniorfasen i arbeidslivet er prega av erfarne tilsette, med lang erfaring og høg kompetanse. Samstundes er dette ein fase der mange kan møte fysiske utfordringar som gjer arbeidslivet meir krevjande. Kunnskap om bransjespesifikke utfordringar knytt til sjukefråvær og helserelatert fråfall frå arbeidslivet er viktig for å forebygge.

### *Døme på tiltak:*

- Medverknad i høve til arbeidsplan, turnus, arbeidstid og -stad for å kunne redusere m.a. fysisk arbeidsbelastning.
- Verdsette og nytte kompetanse, samt ha fokus på kompetanseutvikling.
- Fysiske tiltak i arbeidsmiljøet
- Seniorsamtale: Dialog mellom leiar og tilsett om kva som skal til for å stå best mogleg og lengst mogleg i yrkeslivet.
- Redusere krav og gjere medarbeidar i stand til å møte nye utfordringar.
- Opplæring og tilpassing ved innføring av ny teknologi ol.

## Verktøykasse

Det kan vere stor variasjon mellom dei like fasane i arbeidslivet, og tiltak kan nyttast på tvers av livsfase og alder. Typiske tidsavgrensa tiltak for å påverke den enkelte sin moglegheit til å meistre arbeid og trivest i jobben kan skje gjennom å tilpasse arbeidsoppgåver og eller redusere krav.

- Tilpasse ansvar og arbeidsoppgaver t.d.
  - turnus/-nattarbeid
  - roller med særskilt ansvar, t.d.. leiar/kontaktlærer
- Fleksibel arbeidstid/sted (jobb/heim)
- «Ladepunkt» og andre tiltak for å redusere emosjonelt belastende arbeid.
- Fysisk tilpasning, t.d. hjelpemiddel og ergonomi
- Kompetanseutvikling –heile arbeidsforholdet ut, med særskilt fokus på oppstart
- Mentorordningar: samspill mellom junior og senior
- Kompetanseutvikling gjennom heile arbeidsforholdet, med særskilt fokus på start i arbeidsforhold og seniorfasen.

Vurdering av aktuelle tiltak må sjåast i samheng med drifta og den enkelte medarbeidaren sitt behov. Individuelle tiltak bør vere tidsavgrensa, og ved behov tas inn i den økonomiske planlegginga



av drifta. Livsfasepolitikk skal vere del av leiaropplæringa og tema i medarbeidersamtalar, og vere forankra i arbeidsmiljøgruppene og på avdelinga, for å sikre forståing og oppslutning for tiltaka lokalt.

## Livsfaseavtale Alver kommune

Alver kommune og \_\_\_\_\_ i stilling \_\_\_\_\_ ved avdeling \_\_\_\_\_ har i perioden frå \_\_\_\_\_ til \_\_\_\_\_ avtalt følgjande livsfasetiltak:

- 1.
- 2.
- 3.

---

Arbeidstakar

---

Arbeidsgjevar

**Arkiv:** <arkivID><jplD> FE-033  
**JournalpostID:**  
**Sakshandsamar:**  
**Dato:** 13.09.2023

Saksframlegg

Saksnr.	Utval	Møtedato
024/23	Administrasjonsutval	20.09.2023

### Melding/orientering til administrasjonsutvalet 20.09.2023

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**  
Meldinga vert teke til orientering

**Politisk handsaming**  
Saka skal avgjerast i administrasjonsutvalet

#### Meldingar/orienteringar:

- Organisasjonsprosjekt